

**Namn på skulen: Arna vgs**

**Tal elevar skuleåret 2016/17: 294**

## 1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

### Skulen si vurdering i lys av:

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Prosentdel sluttarar

### 1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag

2015/16	Arna vgs: 87%, Garnes vgs: 88%
2016/17	82 %

### 1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	Arna: 3,02% Garnes: 1,67%	Arna: 1,58% Garnes: 2,85%
	2016/17	1,34%	2,85%
Termin 2/standpunkt	2015/16	Arna: 1,93% Garnes: 0,54%	Arna: 2,19% Garnes: 2,12%
	2016/17	0,77%	1,58%
Eksamens	2015/16	Arna: 8,75% Garnes: 7,46%	Arna: 3,75% Garnes: 1,36%
	2016/17	2,15%	2,59%

### 1.3 IV grunna høgt fråvær 2016/17

Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 1

31 (11 elever)

Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 2/standpunkt

21 (9 elever)

Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fråværsgrønse gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?

Ny fråværsgrønse har for 9 elevar ført til at dei ikkje har fått fullført og bestått - mest sannsynleg ville dei fått vurdering i faga dersom fråværsgrønse ikke hadde vore der. To elevar fekk også eksamensresultatet eliminert grunna manglande standpunktvurdering. Ein kan også tenkje seg at nokre elevar har vore meir tilstades grunna fråværsgrønse og på den måten fått eit betre resultat enn dei elles ville fått (altså at fråværsgrønse har auka læringsutbytte og fullføring).

Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt? Samarbeid mellom lærarar og nærværsteam for elevar ved ST/MK. Alle elevar som utviklar fråvær vert meld til nærværsteam som følger opp eleven med samtalar og koordinerer tiltak i samarbeid med kontaktlærar. Kontaktlærar har følgd opp elevar i faresona, ofte i samarbeid med heimen til eleven. Tala syner at skulen har delvis lukka med dette arbeidet, då ein har nedgang i IV i termin2/standpunkt i forhold til T1. Skulen har lagt inn faste klassemøter på årssplanen. Om våren har eit av dessa møta IV og karakter1 som sak og der ein på møtet prøver å finne tiltak for å løfte elevane til ein ståkarakter når standpunkt skal setjast.

<b>1.4 Gjennomsnittleg fråvær</b>	
2015/16 timar	Arna vgs: 20,48 Garnes vgs: 28,09
dagar	Arna vgs: 11,30 Garnes vgs: 9,06
2016/17 timar	13,90
dagar	7,83

<b>1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrotsdato frå 1/10</b>	
2015/16	Arna vgs: 17 av 122 elevar = 13,93% Garnes vgs: 7 av 217 elevar = 3,23%
2016/17	Etter 1/10: 16 elevar av 294 = 5,4%

<b>1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»</b>	
Kor mange elevar er registrerte med avbrotskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?	Ingen elevar ligg med avbrotskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»

<b>1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18</b>	
<p><b>Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?</b></p> <p>Den nye fråværsgrensa har nok slått litt ut på andel elevar med fullført og bestått - 9 elevar fekk ikkje vurdering grunna manglende dokumentasjon. Desse 9 elevane ville fått bestått utan fråværsgrense - i så fall ville vi ha hamna på 85 % fullført og bestått.</p> <p>Nokre elevar fell utanfor sjølv om skulen set i verk ei rekke med tiltak - ei årsak til det er feilval. Eleven sluttar i programfaga men skal ta fellesfaga - då ser ein svært ofte at dei ikkje klarar det heller.</p> <p>Nokre elevar har svake grunnleggjande ferdigheter og treng mykje oppfølging. Skulen har sett i verk tiltak med støttetimar med godt resultat - for nokre har dette vore tett oppfølging i periodar i staden for eit tiltak som går jamnt i heile skuleåret. På den måten har ein løfta eleven tilstrekkelig til å følgje ordinær undervisning. Eleven har då fått den ekstra hjelpa som har vore nødvendig for å bestå faga.</p> <p>Ein ser og at fråværet har gått ned, det gjeld både timar og dagar. Her ser ein truleg effekten av ny fråværsregel - elevane er meir tilstades i undervisninga og dermed burde læringsutbytte også auke (sjølv om det er litt tidleg å konkludere etter kun eitt år med ny regel).</p> <p><b>Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?</b></p> <p>Overføringsmøte med elevar søkt inn 1. februar. Dialog med nærmeste ungdomsskule om elevar med diverse utfordringar. Kvart skuleår tek til med startsamtalar med elevar og føresette. Vi har innført ei tett oppfølging av elevar som utviklar fråvær eller som ikkje deltek aktivt i undervisninga. Skulen deltek også i prosjekt "Nærversteam" - gjeld for elevar ved ST</p>	

og MK. Ved skulestart går vi også gjennom inntakskarakterane og fråværet i VIGO for å sjå om nokre elevar merkar seg ut, tiltak vert iverksett ved behov.

**Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?**

Sjukdom og personlege årsaker er den viktigaste grunnen til at elevar sluttar. Nokre gongar skjuler det seg andre bakanforliggjande årsaker til desse omgrepa. Det kan ta tid før dei faktiske årsakene vert oppdaga. Svært ofte fører sjukdom til høgt fråvær, som igjen medfører bortfall av fagleg vurderingsgrunnlag. Skulen har eigne rutinar for å følgje opp elevar med tiltakande fråvær.

**Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?**

Som nemnd over kan det bak "sjukdom" skjule seg andre årsaker til fråvær mellom anna at elevane ikkje finn seg til rette på skulen eller i klassen. Tiltak som Drømmeskolen og bli-kjent tur for vg1 elevane tek sikte på å integrerer elevane sosialt. Skulen er merksam på risikofaktorar som til dømes høgt fråvær på ungdomsskulen og svake karakterar i matematikk og naturfag. Vi har i år prioritert desse faga med auka lærarressurs.

## 2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunngitt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

### 2.1 Utviklingstiltak –Vurdering for læring

*Kva var målet med tiltaket?*

Vurdering i tråd med dei fire prinsippa for god undervegsvurdering, utvikle ein læringsfremjande vurderingskultur.

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

Arbeid med dei fire prinsippa for god undervegsvurdering med spesielt fokus på korleis lærar kan gje gode og læringsfremjande framovermeldingar slik at eleven vert merksam på eigen læreprosess og vegne vidare. Knytte framovermeldingar opp mot eigenvurdering

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Resultat frå elevundersøkelsen og tidlegare erfaring med vurderingspraksis. Tilbakemelding frå klagenemder om skulen sitt arbeid med undervegsvurdering.

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

Halv planleggingsdag - avdelingsmøter/arbeid i fagseksjonar

#### 2.1.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

Seminar med Arild Raahiem (UiB)

Tema i fellestida - arbeid i fagseksjonar

#### 2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Utifrå elevundersøkinga ser det ut til at det er eit stykke igjen til heile skulen har ein felles og god vurderingspraksis. Mellom anna bør vi arbeide meir med eigenvurdering, det syner tilbakemeldingar frå elevar i elevundersøkinga. På den andre sida er det indikasjonar på at praksis er endra. Det er færre klager på standpunktcharakter enn tidlegare. I dei samtalene vi har med tillitselevane i dei kontaktmøta som er mellom avdelingsleiar, lærar og tillitselev kjem det til uttrykk av at mange lærarar gir gode og "læringsstøttande" tilbakemeldingar til elevane.

#### 2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Som nemnt i punktet over så trur vi at praksis har endra seg noko. Vi må arbeide vidare med eigenvurdering, ulike vurderingsformer og med samanheng mellom undervegsvurdering og sluttvurdering. Vi må òg arbeide med vurderingskriterier og karakterfastsetjing.

#### 2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Vi har klart å halde temaet framme gjennom året på planleggingsdagar og i møtetida. Vi må i større grad organisere fellestida slik at faggruppene får hove til å arbeide konkret med sine fag. Dei kan til dømes arbeide med vurderingsformer, felles rettearbeid og antall vurderingssituasjoner. Bruken av fellestida må bli meir strukturert og leiinga må vise klarare at vurderingsarbeid har høg prioritet.

#### 2.2 Utviklingstiltak – Læringskultur og læringsarbeid

Kva var målet med tiltaket?

Frå Udir: **Skulen og lærebodrifa skal førebu elevane på å delta i demokratiske avgjerdsprosessar.**

**Skolen og lærebodrifa skal legge til rette for at elevane får erfaring med ulike former for deltaking og medverknad i demokratiske prosessar både i det daglege arbeidet og ved deltaking i representative organ.**

**Elevmedverknad inneber deltaking i avgjelder som gjeld læring, både for kvar einskild og for gruppa.**

**Elevane skal kunne delta i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa.**  
Gi ein kort omtale av tiltaket.

Kontaktlærar, to tillitselevar og avdelingsleiar har møte cirka ein gong kvar månad. Læringsarbeid er tema. Tiltaket har gått over fleire år.

**Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?**

Vi ynskjer at elevane skal blir direkte involverte og medansvarlege for det daglege læringsarbeidet.

**Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?**  
Møte cirka kvar månad.

**For avdeling helse- og oppvekstfag og byggfag:**

- Utpllassering for yrkesfagelevar - ein god veg inn mot lærekontrakt. Av årets vg2 elevar har svært mange fått lærekontrakt allereie ved skuleslutt.
- Fokus på klasseleiing og læringsmiljø - større arbeidsro og ein læringsorientert kultur i klasserom/verkstad. Læreren skal og skape gode relasjoner med og mellom elevene med tydelege forventninger til innsats og trygghet for å gjera feil.
- Læreren skal skape struktur, regler og rutiner. Det er viktig at elevene er kjent med reglene og kjent med konsekvensene av å bryte reglene. Skulen har utarbeidd eit felles sett med reglar og det vert følgd opp at lærerne er konsekvente. Undervisninga skal og vere basert på faglige forventningar og motivering.

#### 2.2.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

Avdelingsleiar er sjølv deltaker på møta. Det blir gitt kort referat frå kontaktmøtet når lærarane kjem til klassemøtet. I leiargruppa har vi diskutert innhald i møta og korleis vi skal følge opp generelle saker som gjeld heile skulen. Leiragruppa har også diskutert korleis vi skal følge opp klager på undervisninga eller klager på enkeltlærarar. Vi har sett i verk konkrete tiltak i samråd med faglærarar - dette har vore positivt. Vi ser også at vi må jobba aktivt inn mot den enkelte avdeling - t.d. korleis programfaglærarar samarbeider om undervisninga og vurderingsarbeidet. På den måten kan elevane ved avdelinga få ei betre undervisning

totalt sett - det er ikke opp til den enkelte lærar men ei heil avdeling som står bak med felles ansvar - felles haldningar.

Ved HO og BA har prosjekt "klasseleiing" vore på agendaen i fleire år. - dette vert følgd opp på kasselærarmøta og avdelingsmøta. Grunna samanslåing og ny organisasjon har det vore utfordrande å følgje opp prosjektet så tett som ein hadde ønska. Ein har til dømes ikkje klart å følgje opp arbeidet med kollegarettleiing som vart iverksett skuleåret 2015-16. Vi er no i gang med ombygging og samlokalisering av heile skulen - dette vil ta mykje av kapasiteten vår til neste år og.

## 2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Kontaktmøta er ei ordning som er akseptert av lærarane. Vår erfaring er at møta blir brukt til å justere undervisninga. Mellom anna planar, tal på vurderingssituasjonar og liknande. Elevundersøkinga syner at vi er på god veg men det er fortsatt litt for stor skilnad mellom dei ulike klassane. Dette vil leiinga ta tak i til neste år med konkret oppfølging av enkeltlærarar men ein må også sjå på heile avdelinga (korleis dei legg opp undervisninga t.d.)

## 2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Tiltaket med «formøter» fungerer bra med tanke på elevdeltaking og at elevane kan påverke sitt eige læringsmiljø. Vi må i større grad ha fokus på det som fungerer godt i undervisninga. Vi må prøve å få elevane til å vurdera korleis dei lærer best.

Prosjekt klasseleiing ved HO/BA er som sagt ikkje heilt i mål. Det er litt for store ulikheiter mellom klassane – sjå og kommentar over under punkt 2.2.1 og 2.2.2

## 2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Vi vil halde fram med å leggje kontaktmøta til dagen i forkant av klassemøta. Utfordringa er å finne ut korleis vi skal handtere informasjonen som kjem fram i kontaktmøta. Det må bli klarare kven som har ansvar for å følgje opp sakene vidare og korleis oppfølginga skal skje.

### 2.3 Utviklingstiltak – Drømmeskolen og Nærvarsteam for ST/MK

<p><b>Kva var målet med tiltaket?</b> Målet var å komme tettare på elevane og følgje opp dei som treng det i endå større grad.</p> <p><b>Gi ein kort omtale av tiltaket.</b> Nærvarsteam skal jobbe systematisk for å følgje elevane tett opp. Forskjellen fra vanlig elevjeneste, er at vi har fått en ressurs på 50% gjennom prosjektet. Denne ressursen vert brukt til ein koordinator frå OT, som leiar teamet. Drømmeskolen er organisert på den måten at dei nye 1.klassingene har elevmentorar frå vg2 og vg3 som har opplegg i klassane og følgjer 1. klassingane opp gjennom året.</p> <p><b>Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?</b> Skulen ville ha betre organisering rundt oppfølging av elever. En stor fordel for skulen at OT er inne og jobbar saman med elevjenesta på skulen.</p> <p><b>Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?</b> Nærvarteamet har bestått av rektor/ass.rektor, rådgivar, helsesøster, OT-koordinator og elevinspektør. Vi har hatt møte i Nærvarsteamet ein gong i veka -1,5 time. Drømmeskolen har vært organisert med en ressursgruppe bestående av kontaktlærer, mentorar og elevinspektør. Mentorane har hatt to opplegg i 1. klassene. Eitt på hausten og eitt på våren.</p>
---

#### 2.3.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

<p>Leiinga har delteke med på Nærvarsteammøta og skulen har utarbeida eit flytskjema som syner ansvar og oppgåver til den enkelte. Møter gjennom året i forhold til å evaluere prosjekta.</p>
---

#### 2.3.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

<p>Vi har fått ei betre organisering på korleis vi følgjer opp elevar som treng det av ulike årsaker. Lærarar har vorte flinkare til å henvise elever som treng hjelp utover vanlig tilpassa opplæring.</p>
---

#### 2.3.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

<p>Arbeidet med Nærvarsteam har fungert godt, og vi tenkjer at skulen har kome lengre i forhold til å følgje opp elevar på ein god og systematisk måte. Opplegget med Drømmeskulen har kravd ganske mykje organisering, og her ser vi at ein har veg å gå. Samtidig ser ein at det er svært krevjande å følgje opp prosjektet samstundes som skulen er i ein stor omstillingsprosess.</p>
---

#### 2.3.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

<p>Vi må organisere oss litt annleis til hausten, spesielt i forhold til møter. I forhold til Nærvarsteamsprosjektet vil OT - koordinator delta på klasselærarmøter. Samarbeidet med kontaktlærarane i 1.klasse må vera meir systematisk og planlagt for å følgje opp Drømmeskuleprosjektet.</p>
--

### 3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

#### **3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Leiinga informerer om Elevundersøkinga og læringsresultat på planleggingsdagar og fellesmøter. Alle kontaktlærarane har fått resultatet frå sin klasse og kan diskutera det med eigne elevar. Det meir prosessorienterte utviklingsarbeidet byggjer på resultata frå Elevundersøkinga og andre resultat frå sjølv læringa. Ein arbeider altså ikkje direkte med Elevundersøkinga, men utviklingsprosesane tek utgangspunkt i resultata og tema frå Elevundersøkinga og andre tilstandsdata.

#### **3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?**

Planleggingsdagar og møtetid er avsett til utviklingsarbeid. Lærarane deltek i grupper og samskriving på utviklingsplanen.

Kontaktmøta er obligatoriske og gir løpende informasjon om praksisarbeidet i undervisningsgruppene.

#### **3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

Det er satt av tid til utviklingsarbeid på planleggingdagar og i samarbeidstida. Nokon av lærarane er i deltidstillingar og nokon av dei har undervisning i møtetida. Dette gjer at det alltid er nokon av dei tilsette som ikkje deltek. Vi vil i størst mogeleg grad leggje til rette for at deltidstilsette kan delta. Mellom anna bruker vi google-doc som samarbeidsdokument. På den måten kan lærarane kome med innspill til utviklingsarbeidet utan at dei er fysisk til stades på møta.

Dei månadlege kontaktmøta med elevane gir ein indikasjon på korleis det går med utviklingsarbeidet ute i praksisfeltet.

#### **3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?**

I dei formelle organ som t.d elevrådet har mellom anna Elevundersøkinga vore tema. I prosjektet Drømmeskolen har elevane konkrete oppgåver knytt evaluering og utvikling av læringsmiljøet.

Kontaktmøta mellom kontaktlærar, tillitselevane og avdelingsleiar er ein konkret form for elevmedverknad.

#### **3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?**

To skular som er slått saman. Det byr på ein del praktiske utfordringar. Mellom anna er det eit problem å samle alle lærarane på planleggingsdagar og i felles samarbeidstid. Skulen har og fleire lærarar med delstillingar på andre skular, dermed manglar fleire fagsekssjonar viktige deltakarar på møta sine og ein klarar ikkje å få til eit så godt samarbeid som ein hadde ønskja. I tillegg har skulen vore inne i ein prosess med ombygging og flytting av avdelingar - dette vil ta mykje av kapasiteten vår til neste år og. Denne prosessen krev mykje av møtetida og flytter fokus bort frå utviklingsarbeidet. På den andre sida vil det bli lettare for skulen å drive utviklingsarbeid når avdelingane blir samla i eitt bygg.

#### **3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.**

Vi veit kva område vi vil prioritere. Vi har laga konkrete tiltak. Skuleleiinga er merksam på dei forventingane som ligg i styringsdokumentet, men vi må i større grad kommunisere ut til dei som arbeider i praksisfeltet. Det er ikkje sikkert at lærarane og elevane opplever at skulen har prioritert klart kva område ein vil utvikle. Sjølv om skuleleiinga meiner vi har teke lærarane inn i utviklingsarbeidet er det ikkje sikkert at lærarane opplever at dei er involvert og deltek.